

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: onsdag 2. desember 2015
Tid: kl. 15.00
Stad: Vindafjord Rådhus, Ølen

Forfall melder du til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 53 eller mobil/sms 95 98 69 77, e-post: ogh@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlemer innkalla særskilt. Medlemer som meiner seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemer kan innkallast. Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off.l.*, blir berre sende til medlemer/varamedlemer.

Rådmannen er invitert i sak 22/15

Sakliste:

- 18/15 Kontrollutvalets ansvar og oppgaver
- 19/15 Godkjenning av protokoll frå møte 09.09.15
- 20/15 Referat- og orienteringssaker 02.12.15
- 21/15 Statusoversikt over utvalet sine prosjekter
- 22/15 Orientering om framlegget til budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019
- 23/15 Revisjonsplan for rekneskapsåret 2015
- 24/15 Utarbeiding av ny plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll 2016-2020
– bestilling av overordna analyse og planer
- 25/15 Framlegg til møteplan for 2016

Eventuelt

Ølen/Aksdal, 25.11.15

Nils Terje Oma (sign.)
Kontrollutvalsleiar


Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert i sak 22/15)
Varamedlemer (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	02.12.15	18/15
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

KONTROLLUTVALETS ANSVAR OG OPPGÅVER

Vedlegg: Kontrollutvalets ansvar og oppgaver (frå forskrifta kap. 3-7)

Saksorientering:

For fleire av medlemmene i kontrollutvalet er rolla som kontrollutvalsmedlem ny og sikkert ukjent. Sekretariatet vil difor på dette møtet ha ein kort repetisjon av dei viktigaste oppgåvene til kontrollutvalet og arbeidsområde. I tillegg vil sekretær og revisor ha ein kort prestasjon av seg sjølv, og kva dei jobbar med. Fleire av medlemmene deltok på informasjonsmøtet i Aksdal 12.11.15 og fekk ei innføring der. Det vert invitert til dialog ved gjennomgangen.

Røynsler har vist at det ikkje fell godt ut med alt for mykje informasjon på ein gong. Det vert difor opp lagt til å spreia informasjon ut over det fyrste året. Då vil ein koma innom om tema som forvaltingsrevisjon, selskapskontroll, rekneskapsrevisjon og habilitet. Mot slutten av året vil vi ta ein ny gjennomgang av rammene for ansvaret til kontrollutvalet og oppgaver.

I tillegg til den informasjonen som blir gjeve i kontrollutvalet sine møte, vert det også arrangert årlege konferansar for medlem i kontrollutvala i heile Rogaland. I år vil denne konferansen bli halden i Sandnes den 10. desember.

I tillegg vert det arrangert to årlege store konferansar for kontrollutvalsmedlemmer. Tidleg i februar arrangerer Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin kontrollutvalskonferanse på Gardermoen. Dette er en stor konferanse med 6-700 deltakarar frå heile landet, der både revisorar, kontrollutvalsmedlemmer og sekretariata kan delta.


Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) arrangerar årleg ein landkonferanse i byrjinga av juni. Denne konferansen er for kontrollutvalsmedlemmer og sekretariat, og er mindre enn NKRF sin konferanse. Kontrollutvalet er også medlem av denne organisasjonen, og har stemmerett på FKT sine årsmøte.

Elles syner me til våre nettsider www.kontrollutvalgene.no med mellom anna lenke til «Kontrollutvalshandboka».

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vindafjord kontrollutval tar gjennomgangen av utvalets ansvar og oppgaver til orientering.

Aksdal, 25.11.15



Odd Gunnar Høie

Rådgjevar/utvalssekretær

KONTROLLUTVALGETS ANSVAR OG OPPGAVER

Kontrollutvalgets oppgaver framgår av kapittel 3 - 7 i forskriftene (se Kontrollutvalgsboka, side 155-158), og kan i hovedsak listes opp slik:

§ 4 Tilsyn og kontroll:

- Føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret, herunder påse at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.

§ 6 Regnskapsrevisjon:

- Påse at kommunens årsregnskap og kommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte.
- Holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at det foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift og god kommunal revisjonsskikk.

§ 7 Uttalelse til årsregnskapet:

- Avgi uttalelse til kommunestyret om årsregnskapet.

§ 8 Oppfølging av revisjonsmerknader:

- Påse at forhold i årsregnskapet som revisor måtte ha påpekt blir fulgt opp.
- Rapportere om eventuelle tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er fulgt opp på en tilfredsstillende måte.
- Rapportere til kommunestyret om hvordan kommunestyrets merknader er blitt fulgt opp.

§ 9 Forvaltningsrevisjon:

- Påse at kommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i kapittel 5.

§ 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon:

- Minst en gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon.
- Få gjennomført en overordnet analyse av kommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger som grunnlag for ovenfor nevnte plan.

§ 11 Rapporter om forvaltningsrevisjon:

- Rapportere til kommunestyret om hvilke forvaltningsrevisjoner som er gjennomført med utgangspunkt i planen, og om resultatene av disse.

§ 12 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporter:

- Påse at kommunestyrets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon blir fulgt opp.
- Rapportere til kommunestyret om hvordan eventuelle merknader til rapporter er blitt fulgt opp.

- Rapportere til kommunestyret om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.

§ 13 Selskapskontroll:

- Påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens interesser i selskaper.
- Minst en gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommune styret er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll.
- Avgjøre hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll.

§ 14 Selskapskontrollens innhold:

- Påse at det gjennomføres kontroll med forvaltningen av eierinteressene i de selskaper som er omfattet av slik kontroll.
- Kontrollere om den som utøver kommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll).

§ 15 Rapportering av selskapskontrollen:

- Fastsette hvordan utført selskapskontroll skal rapporteres til utvalget, herunder hvilket innhold rapporten skal ha.
- Rapportere til kommunestyret om hvilke kontroller som er gjennomført, samt om resultatene av disse.

§ 16 Valg av revisjonsordning/ valg av revisor:

- Innstille overfor kommunestyret ved valg av revisjonsordning/valg av revisor.
(Ansette egne revisorer, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med annen revisor.)
- Innstille overfor kommunestyret dersom dette vedtar å konkurranseutsette hele eller deler av revisjonen.

§ 17 Saker om ansettelse, suspensjon, oppsigelse og avskjedigelse:

- Der det er egen revisjon i kommunen, avgir kontrollutvalget innstilling til kommunestyret i saker om ansettelse, suspensjon, oppsigelse og avskjed av ansvarlig revisor.
- Der det er egen revisjon i kommunen, foretar kontrollutvalget ansettelse, suspensjon, oppsigelse og avskjedigelse av revisjonens øvrige personale når slik myndighet ikke er delegert til revisor.

§ 18 Budsjettbehandlingen:

- Utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	02.12.15	19/15

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 09.09.15

Saksvedlegg: Protokoll frå møte 09.09.15

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 09.09.15 ligg ved saka til godkjenning. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 09.09.15 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 25.11.15



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Onsdag 9. september 2015 blei det halde møte i Vindafjord kontrollutval under leiing av utvalsleiar Øyvind Haraldseid.

MØTESTAD:	Vindafjord Rådhus, formannskapsalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	Kl. 15.00 – kl. 17.00, inkl. pause
MØTANDE MEDLEMER:	Øyvind Haraldseid (H), Margrete Veim (Frp), Bjørge Borgemyr (Krf) og Nils Terje Oma (Ap)
FORFALL:	Anders Haugland (Sp)
MØTANDE VARAMEDLEMER:	3. vara Nils Skrunes (Frp)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Utvalssekretær/rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisorane Ingvill Strand og Roald Stakland - KPMG AS. Dei deltok ikkje ved handsaming av sak 17/15
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Ole Johan Vierdal
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 11/15 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 06.05.15

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 06.05.15 blir godkjent.

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.15

Utvalet hadde ingen merknadar til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.15:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 06.05.15 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 12/15 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 09.09.15

20. Statusrapport pr. september 2015
21. K-styrevedtak 26.05.15, sak 31/15 – rapport selskapskontroll Haugaland Kraft AS
22. KS Bedrift – Offentlige innkjøp blir litt enklere fra 1. juli
23. Kommunal- og mod.dept. – prinsipputtalelse – KUs rett til å være til stede og referere ...
24. Datatilsynet – Gebyr for avvik hos kommuner
25. Bernt svarer – Kan offentlighetsloven brukes for å lukke møter?
26. NKRF overtar sekretariatet for FKT

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.15:

Utvalssekretær gjorde greie for referatsakene. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.15:

Kontrollutvalet tek referatsakene 20 – 26 til orientering.

SAK 13/15 REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2015

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tar den framlagde eigenerklæring, av 17.08.15 for 2015 frå oppdragsansvarleg revisor Roald Stakland – KPMG AS, til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.15:

Leiar gjorde greie for saka. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.15:

Kontrollutvalet tar den framlagde eigenerklæring, av 17.08.15 for 2015 frå oppdragsansvarleg revisor Roald Stakland – KPMG AS, til orientering.

SAK 14/15 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «BARNEVERNET»

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport om « Barnevernet» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.15:

Leiar innleia om saka. Revisor Ingvill Strand presenterte rapporten. Ho innleia med å seie at dei hadde fått god hjelp frå administrasjonen og arbeidet med rapporten hadde gått veldig greitt.

Ho gjorde greie for føremål og dei fire problemstillingane utvalet hadde bede revisor sjå nærare på. Barnevernet hadde nyleg blitt slått saman med barnevernet i Etne kommune. Denne omstillinga hadde vore krevjande. Eininga hadde hatt eit høgt sjukefråvær, budsjettoverskridingar og fristoverskridingar. Det hadde vore ei auke i talet på innkomne saker, men det var generelt få klager på avgjerslene. Strand gjekk gjennom revisjonen sine seks tilrådingar.

Utvalet drøfta rapporten og meinte den viste at eininga var i ei positiv utvikling. Dei vona rapporten kunne bidra til å fremma denne utviklinga. Ordføraren meinte det var ein god og nyttig rapport. Han orienterte kort om status for eininga. Det er mellom anna tilsett ein person som fagressurs.

Medlemmene meinte KPMG hadde gjort en god jobb med rapporten, og vona den kunne bidra ytterligare til den positive utviklinga i eininga. Utvalet slutta seg til innstillinga, men endra fristen for tilbakemelding frå 6 til 12 månader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.15 og innstilling til kommunestyret:

1. *Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport om « Barnevernet» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.*
3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

SAK 15/15 KONTROLL OG TILSYN – BUDSJETT FOR 2016 – UTVALET SITT FRAMLEGG

Sekretariatet si innstilling:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Vindafjord kommune for 2016 vert på i alt **kr 708.000,- eks mva** fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)	kr	94.000
Kjøp av sekretærtjenester (teneste 1100 art 13750)	kr	177.000
Kjøp av revisjonstjenester (teneste 1100 art 13700)	kr	437.000

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.15:

Utvalssekretær gjorde greie for budsjettet. Utvalet hadde ingen merknader og støtta framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.15:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Vindafford kommune for 2016 vert på i alt kr 708.000,- eks mva fordelt på følgjande:

<i>Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)</i>	<i>kr</i>	<i>94.000</i>
<i>Kjøp av sekretærtenester (teneste 1100 art 13750)</i>	<i>kr</i>	<i>177.000</i>
<i>Kjøp av revisjonstenester (teneste 1100 art 13700)</i>	<i>kr</i>	<i>437.000</i>

SAK 16/15 EVALUERING AV KONTROLLUTVALET SITT ARBEID I INNEVERANDE PERIODE 2011-2015

Sekretariatet si innstilling:

Vindafford kontrollutval ber sekretariatet om å samanfatte dei innspela som har kome fram i møtet, og å legge fram referatet til neste møte i kontrollutvalet.

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.15:

Evalueringsskjema blei punktvis gått igjennom og medlemmene kom med synspunkt, innspel og kommentarar. Sekretariatet vil samanfatte kommentarane og bruka dei som ein del av opplæringa for det nye utvalet i haust.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.15:

Vindafford kontrollutval ber sekretariatet om å samanfatte dei innspela som har kome fram i møtet, og å legge fram referatet til neste møte i kontrollutvalet.

Sak 17/15 VAL AV REVISOR FOR PERIODEN 2016 - 2020

Handsama i lukka møte, jf. kommuneloven § 31.2. Vedlegg 3 og 4 – ikkje offentleg, jf. OFL§ 23.3

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

Vindafford kommunestyre vel revisjonsselskapet xxxxxxxx som kommunen sin revisor frå 01.07.16 til 30.06.20, og med opsjon for kommunen til å forlengje avtalen med 2 år.

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.15:

Revisorane gjekk før handsaming av saka. Vedlegg 3 og 4 blei delt ut og gått igjennom i møtet.

Utvalssekretær gjorde greie for dei to innkomne anboda. Ut frå vekting av anbodskriteria, er det anbud nr 2 (Deloitte AS) som skårar høgast. Skilnaden mellom anbud 1 og 2 var svært liten og utvalet drøfta om dei måtte velja den lågaste prisen eller om andre kriterier kunne vektleggast.

Utvalet meinte KPMG AS hadde vore ein god revisor for kommunen, og gav uttrykk for at det hadde vore ønskeleg om dei kunne halda fram. Men medlemmene meinte òg at det var eit viktig prinsipp å velja den tilbydar som hadde lågast pris når ein hadde gjennomført ein konkurranse.

Utvalet støtta dei vurderingane som sekretariatet hadde gjort, slik det kom fram i anbudsevalueringane i vedlegg 3 og 4, og valde det selskapet som skåra høgast på vektinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.15 og innstilling til kommunestyret:

Vindafford kommunestyre vel revisjonsselskapet Deloitte AS som kommunen sin revisor frå 01.07.16 til 30.06.20, og med opsjon for kommunen til å forlengje avtalen med 2 år.

EVENTUELT:

Ingen saker blei meldt.

Utvalsleiar takka for samarbeidet og blei sjølv takka for si leiing av kontrollutvalet gjennom to periodar. Fleire av utvalsmedlemma meinte dei ikkje kom til å seie ja til attval, sjølv om sakskomplekset var interessant og utvalet hadde gjeve god innsyn i kommunen si verksemd.

Medlemmane og sekretær takka kvarandre for godt samarbeid.

Neste møte: 02.12.15, kl. 15.00 – nytt utval

Ølen/Aksdal, 09.09.15

Øyvind Haraldseid
Kontrollutvalsleiar



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	02.12.15	20/15

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 02.12.15**Saksvedlegg:**

- 27. K-styrevedtak 21.10.15, sak 84/15 - Val av kontrollutval 2015-2019
- 28. K-styrevedtak 20.10.15, sak 69/15 – Rapport om barnevernet
- 29. K-styrevedtak 16.11.15, sak 94/15 – Val av revisor for perioden 2016-2020
- 30. Teiepliktserklæring for kontrollutvalet (vert underskriven i møtet)
- 31. Reglement for Vindafjord kontrollutval – eige hefte
- 32. Kontrollutvalet sitt budsjettframlegg for 2016
- 33. Evaluering - frå kontrollutvalet 2011-2015
- 34. Tilbakemelding frå informasjonsmøte i Aksdal 12.11.15
- 35. Invitasjon til haustkonferansen i Sandnes 10.12.15
- 36. Invitasjon til NKRF sin kontrollutvalskonferanse 3. – 4. februar 2016
- 37. Invitasjon frå KPMG AS– Kurs for nye kontrollutval
- 38. Representantskapsmøte 02.12.15, kl. 15.00 – HIM IKS
- 39. Representantskapsmøte 11.12.15, kl. 09.00 – Haugaland Vekst IKS

Saksorientering:

Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Referatsaker 27 – 39 blir tatt til orientering.

Aksdal, 25.11.15



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

VEDLEGG SAK 20/15

VINDAFJORD KOMMUNE
SAKSPAPIR

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 27.10.15
Journalført: 157347/056
Arkivkode: 33

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
084/15	Kommunestyret	21.10.2015

Saksbehandlar: Vårvik, Magne Inge
Sak - journalpost: 15/223 - 2015013456

VAL AV KONTROLLUTVAL FOR 2015 - 2019

21.10.2015 Kommunestyret

Valet vart halde som avtaleval etter føresegnene i Kommunelova §38a.

KS-084/15 Vedtak:

Vedtak samrøystes:

KONTROLLUTVAL 2015 – 2019

Gjeldande frå 21.10.15

Faste medlemmer:			Varamedlemmer:	
Nils Terje Oma	Ap	leiar	1. Anne Tone Salte Andersen	H
Johannes Vestbø	Sp		2. Oddvar Haugland	Krf
nestleiar				
Marit Aga Hustvedt	Ap		3. Anja Mballow	Sp
Gunn Haraldseid	H		4. Margrethe Veim	Frp
Kristian Haraldson Resset BBL			5. Arnfinn Øverland	Ap

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar, reglement m.m.:

Kommunelova

Rundskriv H-12/15 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Forskrift om kontrollutval

Reglement for Vindafjord kommunestyre, vedtatt av kommunestyret 14.06.11, sak 028/11

Saka gjeld:

Val av kontrollutval for perioden 2015 – 2019.

Saksopplysningar:

Kommunestyret vedtok i møte 14.06.11, sak 028/11, reglement for Vindafjord kontrollutval, der det i punkt 3, Val og samansetting, m.a. heiter:

069/15: RAPPORT OM FORVALTNINGSREVISJON AV BARNEVERNET**Kontrollutvalet si handsaming i møte 09.09.15, sak 14/15:**

Leiar innleia om saka. Revisor Ingvill Strand presenterte rapporten. Ho innleia med å seie at dei hadde fått god hjelp frå administrasjonen og arbeidet med rapporten hadde gått veldig greitt.

Ho gjorde greie for føremål og dei fire problemstillingane utvalet hadde bede revisor sjå nærare på. Barnevernet hadde nyleg blitt slått saman med barnevernet i Etne kommune. Denne omstillinga hadde vore krevjande. Eininga hadde hatt eit høgt sjukefråvær, budsjettoverskridingar og fristoverskridingar. Det hadde vore ei auke i talet på innkomne saker, men det var generelt få klager på avgjerslene. Strand gjekk gjennom revisjonen sine seks tilrådingar.

Utvalet drøfta rapporten og meinte den viste at eininga var i ei positiv utvikling. Dei vona rapporten kunne bidra til å fremma denne utviklinga. Ordføraren meinte det var ein god og nyttig rapport. Han orienterte kort om status for eininga. Det er mellom anna tilsett ein person som fagressurs.

Medlemmene meinte KPMG hadde gjort ein god jobb med rapporten, og vona den kunne bidra ytterlegare til den positive utviklinga i eininga. Utvalet slutta seg til innstillinga, men endra fristen for tilbakemelding frå 6 til 12 månader.

Samrøystes vedtak i Kontrollutvalet og innstilling til Kommunestyret:

1. Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport om «Barnevernet» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Kommunestyret 20.10.2015

Kontrollutvalet si innstilling til kommunestyret vart samrøystes vedtatt (med 23 røyster).

KS- 069/15 Vedtak:

1. Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport om «Barnevernet» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

070/15: KOMMUNEDELPLAN E134 BAKKA - SOLHEIM, VAL AV TRASE GJENNOM VINDAFJORD KOMMUNE**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova §11-15 vert framlegg til kommunedelplan for E134 mellom Solheim og fylkesgrensa mellom Rogaland og Hordaland vedteke slik:

1. Vindafjord kommune vedtar Statens vegvesenet si tilråding for val av trasé for ny

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

VEDLEGG SAK 20/15

Vår dato: 19.11.2015
Vår referanse: 15/15571
Dykkar referanse:
Sakshands: Magne Inge Vårvik
Telefon direkte: 53 65 65 21

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS

Mottatt dato: 19.11.15
Journalført: 15/387/cgl
Arkivkode: 216

VAL AV REVISOR FOR PERIODEN 2016 - 2020

Vindafjord kommunestyre handsama saka i møte 16.11.15, sak 094/15, og gjorde slikt vedtak:
Vindafjord kommunestyre vel revisjonsselskapet Deloitte AS som kommunen sin revisor frå 01.07.16 til 30.06.20, og med opsjon for kommunen til å forlengje avtalen med 2 år.

Saka vert oversend for vidare oppfølging.

Med helsing



Magne Inge Vårvik
Seniorrådgjevar politisk sekretariat

Vedlegg: Særutskrift av Kommunestyret si handsaming

TAUSHETSERKLÆRING

Som medlem/varamedlem av kontrollutvalget i **Vindafjord kommune** erklærer jeg med dette på ære og samvittighet at jeg skal beholde taushet omkring alle opplysninger som jeg kommer over i mitt arbeid knyttet til vervet i kontrollutvalget.

Jeg er gjort kjent med at forvaltningsloven har bestemmelser om taushetsplikt (§ 13). Videre er jeg gjort kjent med at straffeloven har bestemmelser (§ 209 og 210) om straff for brudd på taushetsplikten.

Ølen, _____

Fullstendig lovtekst

§ 13 Taushetsplikt

Enhver som utfører tjeneste eller arbeid for et forvaltningsorgan, plikter å hindre at andre får adgang eller kjennskap til det han i forbindelse med tjenesten eller arbeidet får vite om:

- 1) noens personlige forhold, eller*
- 2) tekniske innretninger og fremgangsmåter samt drifts- eller forretningsforhold som det vil være av konkurransemessig betydning å hemmeligholde av hensyn til den som opplysningen angår.*

Som personlige forhold regnes ikke fødested, fødselsdato og personnummer, statsborgerforhold, sivilstand, yrke, bopel og arbeidssted, med mindre slike opplysninger roper et klientforhold eller andre forhold som må anses som personlige. Kongen kan ellers gi nærmere forskrifter om hvilke opplysninger som skal reknes som personlige, om hvilke organer som kan gi privatpersoner opplysninger som nevnt i punktumet foran og opplysninger om den enkeltes personlige status for øvrig, samt om vilkårene for å gi slike opplysninger.

Taushetsplikten gjelder også etter at vedkommende har avsluttet tjenesten eller arbeidet. Han kan heller ikke utnytte opplysninger som nevnt i denne paragraf i egen virksomhet eller i tjeneste eller arbeid for andre.

§ 209 Brudd på taushetsplikt

Med bot eller fengsel inntil 1 år straffes den som roper opplysning som han har taushetsplikt om i henhold til lovbestemmelse eller forskrift, eller utnytter en slik opplysning med forsett om å skaffe seg eller andre en uberettiget vinning.

Forste ledd gjelder tilsvarende ved brudd på taushetsplikt som følger av gyldig instruks for tjeneste eller arbeid for statlig eller kommunalt organ.

For den som arbeider eller utfører tjeneste for et statlig eller kommunalt organ, rammer første og annet ledd også brudd på taushetsplikt etter at tjenesten eller arbeidet er avsluttet.

Grovt uaktsom overtredelse straffes på samme måte.

Medvirkning er ikke straffbar.

§ 210. Grovt brudd på taushetsplikt

Grovt brudd på taushetsplikt straffes med fengsel inntil 3 år.

Ved avgjørelsen av om taushetsbruddet er grovt skal det særlig legges vekt på om gjerningspersonen har hatt forsett om uberettiget vinning og om handlingen har ført til tap eller fare for tap for noen.

Reglement for Vindafjord kontrollutval

Vedteke av Vindafjord kommunestyre 14.06.11, sak 028/11, endra 28.10.14, sak 74/14

VIRKEOMRÅDE

Lov 25. september 1992 nr. 107 om kommunar og fylkeskommunar (kommuneloven) og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar vedteken av kommunal- og regionaldepartementet 15. juni 2004 (kontrollutvalsforskrifta) gjeld for heile kontrollutvalet si verksemd.

I tillegg gjeld følgjande reglement:

INNLEIING

Kommunestyret har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga, og kan krevja ei kvar sak lagt fram for seg til orientering eller avgjerd. Kommunestyret kan gjere om vedtak som er gjort av andre folkevalde organ eller administrasjonen, i same utstrekning som desse sjølve kan gjera om vedtaket, jf. kommunelova § 76.

1 KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret stå føre det løpande tilsynet med forvaltninga, under dette sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet skal framstå som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Kontrollutvalet sine medlemmer og varamedlemmer vert tilbydt, tilsvarande som for kommunestyret, deltaking på kommunen sin folkevaldopplæring.

2 FØREMÅL

Kontrollutvalet skal medverka til å sikre at det er ålmenn tillit til at kommunen sine oppgåver vert løyste på best mogleg måte og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Utvalet skal bl.a. sjå etter at:

- kommunen brukar ressursar til å løyse oppgåver som er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak og føresetnad,
- kommunen sin ressursbruk er effektiv når det gjeld dei mål som er sett på området,
- lov og reglar vert etterlevd i den kommunale forvaltninga,
- kommunen sitt styringsverktøy er hensiktsmessige,
- resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sin føresetnad
- kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte.

3 VAL OG SAMANSETTING

Kontrollutvalet skal ha 5 medlemmer. Kommunestyret vel medlemmer og varamedlemmer til kontrollutvalet som første sak etter val av formannskap og ordfører/varaordfører i det konstituerande møte. Minst 1 av dei valte medlemmane i kontrollutvalet skal vere medlem av kommunestyret.

Kommunestyret vel leiar og nestleiar. Utvalsleiaren bør veljast frå eit av dei partia som utgjør opposisjonen.

Utelukka frå val er ordfører, varaordfører, medlem og varamedlem av formannskap, medlem og varamedlem av kommunal nemnd med avgjerdsmynde og tilsette i kommunen. Utelukka frå val er og styremedlemmer i kommunal eigde selskap samt styremedlemmer i selskap som kommunen driv saman med andre kommunar.

Kommunestyret kan når som helst skifta ut kontrollutvalet. Ved utskifting av ein eller fleire medlemmer av utvalet skal alle medlemmene veljast på nytt.

4 GENERELL INSTRUKS

Kontrollutvalet skal følgja lov og føresegner og - så langt det høver - dei reglar og retningslinjer for sakshandsaming, møteorden og møtestyring m.m. som er fastsette i Vindafjord kommune, jf reglement for kommunestyret, formannskap og faste utval.

4.1 Teieplikt

For medlemmene, varamedlemmene og sekretariatet for kontrollutvalet gjeld dei allmenne reglane om teieplikt i forvaltningslova. Kontrollutvalet sin medlemmer skriv under eigen teieplikterklæring.

4.2 Etikk

Utvalet skal ha fokus på kommunes sine etiske retningslinjer og skal i sitt arbeid bidra til å ivareta og styrke innbyggjarane sin tillit til den kommunale verksemd.

Medlemmene bør unngå å komme i situasjonar som vil føre til at det kan stillast spørsmål ved vedkommande sin integritet og dei vert oppfordra til å la seg registrere i KS sitt styrevervregister.

5 OPPGÅVER

Kontrollutvalet kan i prinsippet ta opp alle forhold ved kommunen si verksemd, så lenge det kan definerast som kontroll og tilsyn. Kontrollutvalet kan hjå kommunen, utan hinder av teieplikt, krevja alle opplysningar, utgreiingar eller alle dokument, og gjera undersøkingar som det finn naudsynt for å gjennomføra oppgåvene.

Ansvar for å gjennomføra vedtak ligg til rådmannen, jf. kommunelova § 23. Utvalet skal føra tilsyn med at vedtak vert sette i verk og etterlevde.

5.1 Intern kontroll

Kontrollutvalet fører tilsyn med at forvaltninga av kommunen sine verdier er forsvarleg sikra ved eit forsvarleg internt kontrollopplegg, og dersom det vert naudsynt gje innstilling med tilråding om at det må gjerast tiltak.

5.2 Årsrekneskap/årsmelding

Kontrollutvalet skal sjå til at årsrekneskapane til kommunen og kommunale selskap og føretak vert reviderte på ein trygg måte, og halda seg orientert om revisjonsarbeidet. Kontrollutvalet skal, gjennom sitt tilsyn med revisjonen, skaffa seg naudsynt innsyn i at rekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar.

Kontrollutvalet skal gi uttale til kommunestyret om rekneskapen, med kopi til formannskapet. Kopien må vera formannskapet i hende tidsnok til at det kan ta omsyn til han før det gir innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

5.3 Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av verksemda til kommunen.

Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet undersøkje om kommunen etterlever regelverk, når fastsette mål, og om ressursane blir forvalta på ein effektiv måte. Kontrollutvalet skal, innanfor dei rammene som er gjevne av kommunestyret, velje tema og utforme problemstillingar basert på ei risiko- og vesentlegvurdering.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg, utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Som grunnlag for ein slik plan skal det gjennomførast ein overordna analyse av kommunen si verksemd basert på risiko- og vesentlegvurderingar. Planen skal godkjennast av kommunestyret.

5.4 Selskapskontroll

Kontrollutvalet skal sjå til at det blir gjennomført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap. I heileigde kommunale selskap har kontrollutvalet rett til å vere til stades i generalforsamling, representantskap og andre eigarorgan. Kontrollutvalet og kommunen sin revisor skal varslast når det skal haldast slike møter.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg, utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Kommunestyret kan fastsetja reglar for kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap.

5.5 Gransking

Kontrollutvalet skal kunne iverksette gransking av enkeltsaker/forhold. Formålet er å avklare faktiske forhold og analysere årsaker, og under dette om ein eller fleire enkeltpersonar har gjort feil eller brote reglar

Gransking kan iverksetjast på eige initiativ eller dersom ordførar eller minst 3 av kommunestyremedlemmene ber om det.

5.6 Orientering frå rådmannen

Kontrollutvalet kan som ledd i å føre tilsyn med forvaltninga be rådmannen orientere om aktuelle saker og tema.

6 MØTE OG SAKSHANDSAMING

Møta i kontrollutvalet skal haldast for opne dører, jf. koml. § 31, såframt utvalet ikkje har vedteke noko anna. Vedtaket må vere grunna med gyldig lovheimel.

Dørene skal stengjast dersom utvalet skal handsama opplysningar som er underlagt teieplikt, jf § 31 nr 2.

6.1 Førebuing / møteinnkalling / sakliste

Sakliste vert sett opp av leiaren i samråd med sekretariatet. Innkalling med sakliste til møtet skal med høveleg varsel sendast til utvalsmedlemmene og varamedlemmene, ordførar og revisor. Dei to sistnemnde har møte- og talerett i møta til kontrollutvalet.

Rådmannen får tilsendt innkalling med sakliste til orientering, og møter når han vert kalla inn til møta. Rådmannen eller andre tilsette i kommunen kan verta innkalla til kontrollutvalet for å orientera om ei sak eller gje opplysningar i konkrete tilfelle. Når tilsette i kommune vert kalla inn til møte, skal rådmannen orienterast om dette på førehand.

Rådmannen kan la seg representera av fullmektig når han finn dette høveleg og kontrollutvalsleiaren elles samtykkjer. Kontrollutvalet kan invitera eksterne personar for å opplysa eller orientera om ei sak.

Møteinnkalling og sakskart er offentlege, men saker som skal unnatakas ålmenta etter lov og forskrifter, skal gjerast anonyme på sakskartet. Saksdokument som er merka *"Ikkje offentlig, jamfør off.lova."* vert berre sende ut til dei som skal ha slike dokument for å ta stode i saka.

6.2 Møtestruktur

Utvalet sin leiar er møteleiar. Ved forfall fungerer nestleiar. Har begge forfall, blir særskild møteleiar vald ved fleirtalsval.

Kontrollutvalet kan berre treffe vedtak dersom minst halvparten av medlemane er til stades under møtet.

Vedtak vert fatta med fleirtal av dei røystene som vert gjevne. Ved likt røystetal i andre saker enn val, vert leiaren si røyst avgjerande.

Utvalet kan treffa vedtak i ei sak som ikkje stod på møtekartet, dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av medlemene set seg imot dette.

6.3 Habil /inhabil

Kommunelova § 40 nr. 3 gjeld og kontrollutvalet. Når det blir spørsmål om ein medlem er inhabil, skal ikkje medlemmen vera med å handsama spørsmålet, men gå frå møtet.

Dersom ein medlem veit at han vil vera inhabil, må han melda ifrå om dette på førehand, slik at varamedlem kan verta innkalla.

6.4 Melding frå utvalet

Det skal førast møteprotokoll frå møta. Revisor kan forlanga utsegnene sine på møta protokollerte. Utskrift av møteprotokollen skal sendast til medlemmene, varamedlemmene, revisor, ordførar og rådmann, og dessutan til kommunestyret til orientering.

Protokollen skal godkjennast i neste møte og bør vera sendt ut på førehand.

Særutskrifter frå kontrollutvalsmøtet skal sendast til rådmannen når det vert gjort vedtak som krev handling frå han/ho.

Saker frå kontrollutvalet skal normalt fremjast direkte til kommunestyret for handsaming. I saker der kontrollutvalet har innstillingsrett, har verken administrasjonssjef eller folkevalde organ høve til å gje innstilling. Innstillingsretten til kontrollutvalet er knytt til saker der kontrollutvalet rapporterer resultata av sitt arbeid. Dette gjeld mellom anna:

- plan for selskapskontroll,
- rapportar frå gjennomførte selskapskontrollar,
- plan for forvaltningsrevisjon,
- rapportar frå gjennomførte forvaltningsrevisjonar,
- rapportering om saker som ikkje er følgde opp av administrasjonen.

Saker som skal realitetshandsamast av kommunestyret, skal oversendast ordførar.

6.5 Oppfølging

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyret sine vedtak i samband med gjennomførte forvaltningsrevisjonar, blir følgde opp. Kontrollutvalet sitt ansvar for oppfølging er retta mot både administrasjonen og andre folkevalde organ. Kontrollutvalet skal også rapportere til kommunestyret om korleis kommunestyret sine merknadar til Forvaltningsrevisjonsrapportar er blitt følgde opp. I tillegg skal det rapporterast om tidlegare saker som etter utvalet si meining ikkje er blitt følgde opp på ein tilfredsstillande måte.

6.6 Fråsegner/uttale

Kontrollutvalet kan gje fråsegn eller uttale seg i saker det får seg førelagt eller i saker dei sjølv vel å handsame. Det er utvalet som organ som skal gje slik fråsegn eller uttale.

6.7 Undersøking.

Utvalet skal sjå til at det vert sett i verk undersøking når dette er vedteke av kommunestyret. Utvalet skal sjølv syta for at det vert føreteke undersøking når dei finn det naudsynt.

Det ligg føre plikt for rådmannen å rapportera eventuelle mistankar om misleghald og monalege avvik til revisjonen, som på si side har plikt til å rapportera dette vidare til kontrollutvalet.

6.8 Rapportering

Kontrollutvalet skal rapportere til kommunestyret resultatet av dei undersøkingar som er gjennomført og resultatet av desse. Dette skal skje ved at uttale til årsrekneskapen vert

send kommunestyret med kopi til formannskapet, forvaltningsrevisjonsrapportar og rapportar om selskapskontroll vert lagt fram for kommunestyret saman med innstilling som også inneheld tilrådingar, samt at kontrollutvalet avlegg årsmelding som vert sendt kommunestyret til orientering.

7 ANDRE FORHOLD

7.1 Sekretariat

Kommunestyret skal sørgje for at kontrollutvalet har den sekretærhjelpa som utvalet treng.

Sekretariatet skal sjå til at dei sakene som vert handsama av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidde og at vedtaka i utvalet vert sette i verk.

Den som utførar sekretariatfunksjonen for kontrollutvalet er direkte underordna kontrollutvalet og skal følgja dei retningslinene og pålegga som utvalet gjev.

7.2 Bruk av sakkyndig hjelp

Kontrollutvalet kan innhente sakkyndig hjelp utover bistand frå sekretariatet og revisjonen når det vert vurdert som naudsynt.

7.3 Budsjett

